

Obligatorisk lovmal for Norsk Kennel Klubs medlemsklubber

## **Lover for Voss hundeklubb stifta 1978**

**Vedtatt av årsmøtet 13.03.2018.**

Lovene er godkjende av Norsk Kennel Klub .....

### **Kapittel 1 Innleiande bestemmelsar**

#### **§ 1-1 Organisasjon og virkeområde**

Klubben sitt namn er Voss hundeklubb, og vert forkorta til VHK. Klubben er sjølvstendig rettssubjekt og er å rekne som eigen juridisk eining. Klubben er medlem i Norsk Kennel Klub (NKK), og klubben pliktar difor å overhalda NKK sine lover og bestemmelsar (dersom ikkje særskild dispensasjon er gitt av NKK sitt hovudstyre). Klubben plikter også å vedta lover som pålegger eigne medlemmer å følge NKK sine lover og ikkje handla i strid mot desse.

Klubben er lokal hundeklubb og har sitt virkeområde i Voss.

Klubben har verneting i Voss (tilknytt Nordhordland).

#### **§ 1-2 Føremål**

VHK har til føremål å ivareta hunden og hundehaldar sine interesser i Norge, og å bidra til å fremje positive aktivitetar med hund og hundesport. VHK skal også arbeide for etisk (og praktisk) riktig handsaming av hundar.

#### **§ 1-3 Definisjonar**

Klubbens organ:

- Årsmøtet
- Omframnt årsmøte
- Styret
- Komitear
- Valkomite

#### **§ 1-4 Tilknytting og organisering**

VHK er medlem i NKK og representerer klubben sine medlemmer i saker som skildra i klubben sine lover.

## **Kapittel 2 Medlemskap og krav til dette**

### **§ 2-1 Medlemskap**

Styret kan nekte å ta opp som medlem person ein antar kan skade klubben og/eller hundesaken. Ingen har krav på medlemskap i klubben. Person ein har nekta å ta opp som medlem i klubben kan anke avslaget i samsvar med NKK sine, til ein kvar tid, gjeldande bestemmelsar.

Medlemmene er forplikta til å støtte VHK og NKK si verksemd og å følgje VHK og NKK sine lover og bestemmelsar. Medlemane er forplikta til å setja seg inn i gjeldande reglar for aktiviteter og forhold dei befattar seg med slik dei er fastsett av NKK eller klubben kva gjeld klubben sitt interne regelverk.

### **§ 2-2 Opphøyr av medlemskap**

Medlemskap i klubben opphører ved:

- Utmelding skjer som hovudregel via «Min Side» på NKK.no, alternativt skriftleg (brev eller e-post) til klubben.
- Stryking beslutta av klubben sitt styre grunna manglande innbetaling av kontingent og/eller anna uregulert gjeld til klubben.
- Stryking grunna manglande betaling av grunnkontingent til NKK.
- Vedtak om eksklusjon etter NKK sine lover Kap. 7.

### **§ 2-3 Medlemskontingent**

Alle enkeltmedlemmer skal betale ein grunnkontingent til NKK i den storleiken som er fastsett av NKK sitt Representantskapsmøte, samt klubbkontingent, fastsett av klubben sitt årsmøte.

Medlem har ingen rettigheter før full kontingent er betalt.

### **§ 2-4 Disiplinærreaksjoner**

Norsk Kennel Klub sine lover Kap. 7 Disiplinærreaksjoner m.m gjeld i sin heilskap.

### **Kapittel 3 Organisasjon**

#### **§ 3-1 Høgaste mynde**

Klubben sin høgaste mynde er Årsmøtet. Dette vert avholdt kvart år innan 1. april.

Årsmøtet sine vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal (50% + 1 av stemmene, blanke stemmer tel ikkje) Kvalifisert fleirtal vert brukt ved lovvedtak (krev 2/3 fleirtal) og oppløysing av klubben (krev ¾ fleirtal)

I tilfelle av stemmelikheit vert forslaget forkasta.

Eit vedtak trer i kraft straks dersom vedtaket sjølv ikkje angir noko anna.

Det kan alltid krevast skriftleg avstemming. Oppnår ein ikkje alminneleg fleirtal under første avstemming, vert det gjennomført ny avstemming. Den kandidat/det forslag som oppnådde færrest stemmer fell ut i neste avstemming inntil ein kandidat/eit forslag har nådd alminneleg fleirtal. Ved personval skal eventuelle innsendte førehandsstemmer telle med i kvar runde med avstemming. Avgitte stemmer på kandidater som ikkje er valbare skal forkastast (gjeld også førehandsstemmer).

Alle klubben sine medlemmer har rett til å fremje forslag til klubben sitt årsmøte.

#### **§ 3-2 Møte og stemmerett**

Alle klubben sine medlemmer som har betalt kontingent det året årsmøtet vert holdt har møterett og stemmerett på årsmøtet.

Med medlem er å forstå person med gyldig medlemskap.

Alle medlemmer over 15 år er valbare til klubben sine verv.

Det kan berre stemmast ved personleg frammøte.

På klubben sine årsmøte og omframt årsmøte kan NKK møte med inntil 2 representantar som har talerett, men ikkje stemmerett.

#### **§ 3-3 Innkalling**

Årsmøtedato skal gjerast kjent for medlemmene med minst 8 vekers varsel.

Styret skal kalla inn til årsmøte med minst 2 vekers frist. Innkalling skal sendast enten pr post, e-post, i medlemsblad eller publiserast på klubben sine nettsider.

Med innkallinga skal følgje:

- Dagsorden
- Årsmelding
- Rekneskap med revisor sine kommentarar
- Forslag eller saker som medlemne eller styret ynskjer handsama. Forslag frå medlemne må vera styret i hende/poststempla seinast 4 5 veker før møtedato.
- Budsjett for neste år
- Forslag på kandidatar til val. Forslag på kandidatar må vera Valkomiteen i hende/poststempla seinast 4 5 veker før møtedato.

### **§ 3-4 Årsmøtet sine oppgåver**

Årsmøtet sine oppgåver er å:

- Godkjenne eller nekte stemmerett for medlemmer (førehandsstemmer og fullmakter dersom klubben har dette), innkalling og dagsorden, samt å gje observatørar rett til å vera til stades.
- Oppnemne møteleiar, referent, tellekorps og 2 representantar til å undeteikne møteprotokollen.
- Handsame årsmeldingar.
- Godkjenne rekneskap med revisor sine kommentarar.
- Opprette og leggja ned komitear,
- Handsame og fatte vedtak i alle saker som er ført opp på innkallinga sin dagsorden. Benkeforslag (nye saker) er ikkje tillatt, berre endringsforslag til rettidig fremma forslag.
- Vedta instruks for organ som er oppnemnt av årsmøtet.
- Vedta medlemskontingent og godkjenne budsjett for neste år.
- Val av:
  - Leiar for 2 år

- Nestleiar for 2 år
- Kasserar for 2 år
- Skrivar for 2 år
- Leiar Agilitykomite for 2 år
- Leiar Bruks for 2 år
- Leiar Jaktkomite for 2 år
- Leiar LP for 2 år
- Val av minimum 2 medlemmar til komiteane agility, bruks, jakt og lp.
- Valkomite med leiar og 2 medlemmer + eitt varamedlem for eitt år kvar.
- Revisor og vararevisor for 1 år. Eller årsmøtet oppnemner revisorfirma.

Ved trong for det bør det ved val setjast ei funksjonstid som sikrar kontinuitet i styret.

Personar som er dømt av norske domstolar eller ilagt aktivitetsforbod av domstolane/ Mattilsynet for dyremishandling etter Dyrevelferdslova kan ikkje verta valt eller verta oppnemnt til tillistverv i klubben.

Berre saken oppført på dagsorden kan handsamast, benkeforslag er ikkje tillatt.

Benkeforslag ved personval er ikkje tillete.

Framlegg til kandidater ved personval skal sendast skriftleg til valkomiteen innan nærare fastsett frist. Valkomiteen si innstilling og innkomne framlegg på kandidatar skal leggst fram for årsmøtet til val.

### **§ 3-5 Omframnt årsmøte**

Omframnt årsmøte vert halde dersom årsmøtet, styret eller minst 10 % av medlemmane krev det.

Møtet skal haldast seinast 8 veker etter at kravet er framsett.

Møtet skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Saman med innkallinga skal det verta angitt kva for omframe saker som skal handsamast. Berre dei oppgitte saker som ligg til grunn for kravet kan handsamast. Endringsforslag til saker på dagsorden kan setjast fram under årsmøtet, dog ikkje ved val. Benkeforslag er ikkje tillatt.

Reglande for ordinært årsmøte gjelder for øvrig så langt dei passar. Innsending av framlegg til valkomiteen må vera valkomiteen i hende seinast 7 dagar før omframnt årsmøte.

Valkomiteen si innstilling må liggja føre seinast 2 dagar før omframnt årsmøte.

## **Kapittel 4 Styret m.m**

### **§ 4-1 Styret**

Styret er klubben sin høgaste mynde mellom årsmøtene.

### **§ 4-2 Vedtak og representasjon**

Styret kan treffe avgjerd når meir enn halvparten av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikheit vert forslag forkasta.

Styret vert kalla saman når leiar bestemmer eller når eit av styremedlemane krev det. Det skal først protokoll over styremøtene der styret sine vedtak går fram av referatet. Desse skal vera tilgjengelege for medlemmane og NKK.

Ved nestleiar sitt varige forfall fattar styret avgjerd om det skal kallast inn til omframt årsmøte eller om ny nestleiar skal peikast ut av og blant dei resterande styremedlemmene.

### **§ 4-3 Styret sine oppgåver er å:**

- Leia klubben mellom årsmøta
- Halda årsmøte
- Drive klubben i samsvar med klubben sine føremål
- Gjennomføre vedtak årsmøtet har fatta
- Oppretta og avvikle komitear og representanter for klubben, og utarbeide retningsliner for eventuelle særkomitear
- Prøva å samordna sine aktiviteter med andre klubbar via den lokale NKK-regionen
- Oppnemne representant til NKK-regionen sitt årsmøte.

## **Kap. 5 Årsmøtevalgte verv/komiteer**

### **§5-1 Valkomite**

Valgkomiteen består av leiar og 2 medlemmer, samt 1 varamedlem. Leiar har ansvar for komiteen sitt arbeid. Valkomiteen tar imot og skal sjølv fremme forslag på kandidatar til alle verv som står på val.

## **§5-2 Revisor**

Årsmøtet vel revisor og vararevisor. Revisor reviderer rekneskapen og gjev sin uttale til årsmøtet.

Både revisor og vararevisor bør være personer med kunnskap og erfaring i regnskapsførsel.

## **Kap. 6 Diverse bestemmelsar**

### **§6-1 Lovendringer**

Lovendingar kan berre skje på ordinært årsmøte og må vedtakast med minst 2/3 flertall. Lovene og endringar av desse må sendast NKK sitt Hovudstyre for godkjenning, men trer i kraft på det tidspunkt som er bestemt i lovvedtaket eller straks dersom ikke noko anna er bestemt.

### **§6-2 Tolking av lovene**

NKK sin Lovkomite kan ikkje tolke desse lovene med unnatak av dei delar som er obligatorisk som følgje av medlemskapet i NKK jf Norsk Kennel Klubs lover §6-1.

### **§6-3 Oppløysing**

For å løysa opp klubben krevst minst  $\frac{3}{4}$  fleirtal på ordinært årsmøte. Avgjerda må stadfestast på ekstraordinært årsmøte med minst  $\frac{3}{4}$  fleirtal. Først etter andre gongs vedtak trer avgjerda om oppløysing i kraft.

Ved oppløysing tilfell klubben sine midlar et av årsmøte sine bestemte føremål. Bestemmer ikkje årsmøte noko spesielt går midlane NKK.

### **§6-4 Fleirtalsdefinisjonar**

Simpelt fleirtal:

- Flest stemmer

Alminneleg fleirtal:

- 50% + 1 av dei avgitte stemmene

- Blanke stemmer tel ikkje

Absolutt fleirtal:

- 50% + 1 av dei avgitte stemmene
- Blanke stemmer tel

Kvalifisert fleirtal:

- 2/3, 3/4 eller anna vedtektsfesta fleirtal
- Blanke stemmer tel
- Bruk er vedtektsfesta

### **§6-5 Æresmedlem**

Styret kan på årsmøte koma med framlegg på peronar som har gjort seg fortjent som æresmedlemi VHK. Det vert krevd 2/3 kvalifisert fleirtal og røysting utan debatt.

Æresmedlem betalar ikkje kontingent til klubben.

Styret kan og heidra eit medlem som har gjort særleg stor teneste for klubben i ei einskild sak eller på einskilde felt. Desse kan tildelast heidersteikn.

Forhabilitetsreglar, teieplikt m.v: sjå NKK sine sakshandsamingsreglar.